
Saksnr: 2019/11-46
Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda		28.09.2020
Fylkestinget		29.09.2020

Oppnemning av ny varamedlem til Verdsarvrådet for verdsarvstaden Bryggen

Forslag til innstilling

For resten av valperioden 2019-2023 oppnemner Vestland fylkeskommune følgende vararepresentant til Verdsarvrådet for verdsarvstaden Bryggen:

Varamedlem:

Samandrag

Det er behov for å velje ny varamedlem til Verdsarvrådet for verdsarvstaden Bryggen, etter at den valde varamedlemer Jann Atle Jensen nyleg gjekk bort.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det er behov for å velje ny varamedlem til Verdsarvrådet for verdsarvstaden Bryggen, etter at Jann Atle Jensen nyleg gjekk bort.

Vedtakskompetanse

Det er fylkestinget som har fullmakt til å innstille eller velje medlemar til eksterne organ, jf. reglement for fylkestinget, punkt 2.4.6. Valnemnda gjev innstilling i saker om val, der avgjerda om valet ligg til fylkestinget, jf. reglement for valnemnda.

Om valet

Verdsarvrådet er politisk samansett, med to folkevalde representantar frå Vestland fylkeskommune og to frå Bergen kommune. Kvar representant har ein vararepresentant, som møter ved fråvær. Det skal vere representasjon frå både posisjon og opposisjon. Leiarvervet vekslar mellom fylkeskommune og kommune, med ei årleg rullering.

Verdsarvrådet har to faglege bitsjarar frå kulturminneforvaltninga i kvart av forvaltingsnivåa. Leiar av fagrådet er fast observatør. Andre aktørar kan kallast inn ved behov. Verdsarvkoordinatoren i Bergen kommune er sekretær for rådet.

Fylkestinget skal no oppnemne ny varamedlem frå opposisjonen for resten av valperioden 2019-2023.

Verdsarvrådet og vervet er elles grundig skildra i oppnemningssaka 17.12.19, PS 36/2019.

Saksframlegg og protokoll frå saka ligg tilgjengeleg på nett her:

<https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/DmbHandling/Details/152?sourceDatabase=>

Generelt

Tidlegare oppnemningar og val fylkeskommunen har gjort, er samanfatta i eit valregister som er sortert på organisasjonsform og i alfabetisk rekkefølge. Valregisteret er tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider: <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/politikk/valregister.pdf>

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Regional planstrategi: Ikkje relevant.